



Utvålssak nr.	Utval	Møtedato
131/07	Plan- og miljøutvalet	29.08.2007

Mindre vesentleg endring av reguleringsplan for Rissundet, gnr/bnr 123/139 og 123/140 - område for leik

Saksdokument vedlagt:

- Utsnitt av reguleringsplanen med skisserte endringar

Saksdokument ikkje vedlagt:

- Søknad om grensejustering frå Lindås Tomteselskap as av 11.05.07

Saksutgreiing:

Plan- og miljøutvalet tek stilling til spørsmålet om mindre vesentleg reguleringsendring. Eventuelt vedtak om slik endring skal sendast regionale mynde og partar for klagevurdering. Eventuelt avslag går til søkjar som melding om vedtak.

Tomteselskapet søkjer om grensejustering som inneheldt makeskifte. Dette makeskiftet inneber at tilkomsten til leikearealet vert flytta. I følgje tomteselskapet har ikkje Rissundet velforeining noko å seie til denne endringa. Løysinga skal vera betre og er positivt for naboar. Den nye tilkomsten skal vera like stor i areal som tidlegare tilkomst.

I reguleringsplan for Rissundet frå 1977 er arealet som det er ynskje om å flytta lagt til område for leik. Dette arealet vil erstatta bustadareal.

Vurdering:

Administrasjonen meiner endringa kan vera positiv. Endringa kan ikkje gjennomførast som ei grensejustering, men kan vurderast som ei mindre vesentleg reguleringsendring sidan arealbruken og storleiken på arealet ikkje vert endra.

Vurdering av miljøkonsekvensar:

Kosekvensar for miljøet er ikkje registrert.

Rådmannen gjer slikt framlegg til vedtak:

Plan- og miljøutvalet vedtek flytting av område for leik i reguleringsplan for Rissundet av 1977. Vedtaket vert gjort som ei mindre vesentleg reguleringsendring i samsvar med plan- og bygningslova § 28-1 nr 2.

Handsaming i Plan- og miljøutvalet - 29.08.2007

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke

Vedtak i Plan- og miljøutvalet - 29.08.2007

Plan- og miljøutvalet vedtek flytting av område for leik i reguleringsplan for Rissundet av 1977. Vedtaket vert gjort som ei mindre vesentleg reguleringsendring i samsvar med plan- og bygningslova § 28-1 nr 2.